


KVASSHEIM FYR – BRUSAND

Her finn du storslåtte landskapsrom med rullesteinsstrender og naturbeitemarker. Heile strandsona ber preg av rike brukstradisjonar, fornminner og andre gamle kulturspor. Kyststrekninga er berykta for mange skipsforlis.



Raunen stikk opp av sjøen utanfor stranda på Kvalbein. Holmen er ein del av Listamorenen som strekk seg heilt nord til Revtangenen.



Nikkesmelle høyrer til nellikfamilien. Den er sjeldan og veks på tørre beitemarker.



Denne vakre dyrespenna i bronse er blant dei mange funna av gjenstander i gravfelta på Kvasheim.



Islom overvintrar langs jærkysten. Arten hekkar i arktiske strøk.

Raunen



FUGLELIVET

Strekninga har eit svært rikt fugleliv både på sjø og land. Vadefuglar og sporvefuglar finn mykje mat i rotande tare langs strendene. Særleg under fugletrekket vår og haust er taredyngene eit viktig matfat. Kvasheimsbukta nord for fyret er fuglelivsfreda. Fuglane treng ro og ein bør ikkje ferdast her. I den grunne bukta utanfor beitar ender, skarv og enkelte sjeldne artar som gulnebbblom. Raunen, ein liten, låg holme utanfor Kvalbeinsanden er ein svært viktig hekkeplass for sjøfugl og er fuglelivsfreda. Her hekkar store mengder måker, ternar, skarv, ærfugl og gravand. På Raunen er det forbod mot å gå i land i tida 15. april til 31. juli.



Kravlande insekt trivst i rotande tare. Det gjer og vade-fuglane som feitar seg opp under hausttrekket.

Plantelivet er rikt med sjeldne artar som småmure. Heilt sør på Kvalbeinsanden finst framleis eit godt utvikla og aktivt sanddynebelte. Her veks fleire raudlista artar av lav og sopp. Sjeldne karplantar kan ein og treffa på: mellom anna strandtistel, engmarihand og nikkesmelle.

KULTURMINNE

I strandsona ved Kvasheim fyr ligg det fleire gravfelt frå eldre jernalder på begge sider av

bekken. Det sørlegaste, som ligg ved fyret, har ca. 40 haugar og 3 hustufter, det nordlegaste ca. 70 haugar. Felta er blant dei største og best kjende i Noreg. Dei vart undersøkte alt i 1891-1898. Lenger sør, ved Fuglavigjå, er det fleire naust-tufter, tarela og båtopptrekk. På 1800-talet vart det bygd ein redningsstasjon på Raunen og ved Kvalbeinsanden. Ved Ørnakulå og sørover er det tydelege spor frå tyske krigsanlegg. Lengst i sør, ved Holmastø, er det eit gammalt og intakt naustmiljø.



Ørnakulå på Kvalbein har fleire synlege spor etter tyskaranes forsvarsanlegg, mellom anna kanonstillingar og skyttergraver.

PLANTELIVET

Den nordlege delen av området er sett saman av ei smal rullesteinstrand og beitemarker.

